



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/11220-3

Dykkar referanse:
23/3139-23/75332

Vår dato:
09.11.2023

Uttale til offentlig ettersyn og høyring – Områdereguleringsplan for Dalstø – Mjåtveitstø – Plan ID 125620170002 – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, datert 04.10.2023. Saka gjeld offentlig ettersyn og høyring av områdereguleringsplan for Dalstø-Mjåtveitstø. Merknadsfrist er sett til 17.11.2023.

Planområdet som er på omtrent 800 dekar ligg på Mjåtveit sør for Fv. 564, Rosslandsvegen, i kort avstand frå Frekhaug senter. Området har to hovudtilkomstar, via Dalstøvegen og Mjåtveitmarka. Planområdet omfattar desse kryssa.

Planframlegget er utarbeida gjennom eit offentlig-privat samarbeid mellom Alver kommune og Furufjellet AS. Plankonsulent er Ard Arealplan AS. Gjennom områdeplanen for Dalstø-Mjåtveitstø ønskjer ein å utvikle eit større område i Alver kommune. Planen opnar for bustadfortetting/utvikling, barneskule, barnehage og eit areal med kombinasjonsformålet Bustad/Forretning/Kontor. Det vert regulert for inntil 800 nye bustadeiningar, der ein som første byggetrinn legg opp til at det kan etablerast inntil 255 nye bustadeiningar, samt ny barnehage. Resterande utbygging vil vera fram i tid.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeid er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Uttale

Planmateriellet framstår som relativt gjennomarbeidd, noko som gjer det enklare for høyringsinstansen å ta stilling til innhaldet i planframlegget. Etter det vi kan sjå er relevante tema omtalt.

Statens vegvesen gav uttale til oppstartmelding av denne planen i november 2017. Statens vegvesen peikte den gang på at ein gjennom planarbeidet må gjere greie for om utbygginga byggjer opp om nullvekstmålet i persontrafikken i storbyområdet. Basert på dette må ein vurdere grad av utnytting og tilrettelegging av infrastruktur for meir miljøvennleg transport. Plankonsulent har i hovudsak gjort greie for temaet på ein tilfredsstillande måte. Statens vegvesen har likevel merknadar knytt til temaet kollektiv, noko vi kjem tilbake til i dette brevet.

Vidare var det Statens vegvesen si vurdering ved oppstart at det vil vere naudsynt med kanalisering dersom trafikken i krysset Fv. 564/ Mjåtveitmarka aukar utover det som ligg inne i gjeldande reguleringsplanar. Plankonsulent opplyser at det skal opparbeidast ei rundkøyring ved Mjåtveitmarka etter dialog med vegstyresmaktene gjennom planprosessen. Frå 2020 overtok fylkeskommunane ansvaret for forvaltninga av fylkesvegnettet. Vi legg til grunn at dei tekniske løysingane på fylkesveg er avklart med Vestland fylkeskommune før offentleg ettersyn.

Det er ut i frå føresegnene vanskeleg å sjå korleis utbyggingsrekkefølge er tenkt. I Alver kommune si saksutgreiing går det fram at del 1 omfattar utbygging av 255 bustadar med tilkomst frå Mjåtveitmarka. Kommunen skriv at *«Som ein del av første byggetrinn blir eksisterande kryss til fylkesveg flytta mot aust, og erstatta med rundkøyring.»*

Plankonsulent opplyser at utbygger forventar at det vil ta 8–10 år før deltrinn 1 er ferdig utbygt. Statens vegvesen meiner det ikkje er noko i vegen for å finansiere dei ulike tiltaka gjennom ei utbyggingsavtale, men dette må ikkje opne for at anleggsarbeid kan starte opp før ei naudsynt trafikal løysing er på plass. I planføresegnene pkt. 10.2 er det lista opp ei rekkje felt der kravet til opparbeiding av offentleg vegkryss frå fylkesveg til Mjåtveitmarka med tilhøyrande samferdselsanlegg er knytt til bruksløyve/(ferdigattest). Dei fyrste bustadane kan slik planen er utforma no, i verste fall også takast i bruk all den tid rekkefølgjekravet er knytt til formuleringa *sikra opparbeidd*, jfr. føresegnene pkt. 10.2. Det er framleis Statens vegvesen si vurdering at eit kanalisert kryss, eller rundkøyring som planlagt, må vere på plass før trafikken inn og ut av krysset aukar utover det som ligg inne i gjeldande planar.

Ei anna viktig problemstilling knytt til usikkerheit kring tidspunkt for realisering av rundkøyringsløysing med tilhøyrande redusert fartsnivå, er tilhøvet til mjuke trafikantar og kollektivreisande. Ut frå det som går fram av mobilitetsanalyse er byggetrinn 1 av områdeplanen detaljert med ca. 300 nye bustadar som samla vil gje ca. 900 nye innbyggjarar. I tillegg kjem barnehage.

Av planskildringa går det fram: «*Planforslaget tar opp i seg anbefalinga i analysen når det gjeld plassering av rundkøyring. Rundkøyringa vil redusere på hastigheita på fylkesvegen. Då vil ein kunne legge til rette for universelt utforma kryssing for mjuke trafikantar over deløylene, og ein treng ikkje planskilt kryssing med lange ramper. Den overordna trafikkanalysen legg som føring at planlagt bustadbygging ikkje skal ha tilkomst gjennom industriområde.*» (vår utheving).

Skilta fart på Fv. 564 Rosslandsvegen er 60 km/t. Trafikkmengd er berekna til ÅDT= 3500 (2022). Ved busshaldeplassane er det pr. i dag ikkje etablert noko sikkert tilbod for kollektivreisande som skal krysse vegen ved Mjåtveitmarka. Trygg tilkomst til busshaldeplassar er ein føresetnad for å kunne seie at planen støttar opp om bruk av meir miljøvennleg transport. Rundkøyringa med nedsett fart og universelt utforma kryssing for mjuke trafikantar over deløylene skal såleis løyse fleire trafikale utfordringar. På bakgrunn av dette er det Statens vegvesen si klare oppfatning at kravet til etablering av rundkøyring må være knytt til igangsetjingsløyve for tiltak innanfor planområdet og formuleringa «*sikra opparbeidd*» i føresegnene pkt. 10.2 må fjernast.

Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER